
Fra: Øyvind H Oddekalv
Sendt: 14. november 2016 11:42
Til: Postmottak Meland
Emne: VS: planer om ny hovudveg Fløksand Vikebø

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Bjarte J. Skintveit [<mailto:b-bass@online.no>]
Sendt: 9. november 2016 11:28
Til: Øyvind H Oddekalv; Ingvild Kirsti Hjelmtveit
Kopi: Laila Bjørge
Emne: planer om ny hovudveg Fløksand Vikebø

Til Ordfører og Rådmann

Hei - Eg bur ved hovudvegen mellom Fløksand Vikebø, som Statens Vegvesen, på oppdrag frå vegeigar (Hordalan fylke, eller fylkeskommune), planlegg ny og utbetra veg.

Det som ligg i bestillinga, er utbetring av eksisterande veg. Planen er 2 kjørefelt på tilsaman 9 m og gang og sykkelveg på 3 m.

Vegutbetring er ei forutsetning for vidare utvikling i Rosslandsregionen med tanke på nye boligfelt og handelsvirksomhet som matbutikk mm.

Vi kjenner godt til vegen og veit kva innverknad den har på både godt og vondt. Samme vegen har lagt her sidan kjerreveg vart etablert sansynligvis på slutten av 1800 då mine oldeforeldre kjøpte utmarka her for å dyrke opp garden. Etterkvart som behova har meldt seg har den vorte utbetra med pukk, sand og seinare asfaltert. Vi ser behovet for ny veg og særleg gang og sykkelveg så ein kan bevega seg tryggare som mjuk trafikant.

Etter at planene om ny veg vart kjend for ca ett år sidan har me saman med nokre naboeigedommar komen med forslag til st.vegv. om ny vegtrase. Det er mange argument som taler for ny vegtrase, og eit viktig moment er vern om landbruket. Det er betydelege landbruksareal som vil gå tapt dersom ny veg vert liggande der den ligg i dag. Vi reknar med at nytt vegprosjekt totalt vert 15 m breidt. I tillegg vil det måtte brukas areal midlertidig til omkjøringsveger. Det er vidare usikker om st.vegvesen òg vil måtte kjøpe ut bygningar for forsvarleg bygging av ny veg. I alle fall vil det gå med mange daa med dyrka mark, samstundes som bygdene vert hardt belasta av stor trafikk i byggeperioden og seinare - nye tall frå St.vegv. syner 2600 kjøretøy i snitt pr døgn på Fløksand.

Det virker som at St.vegv. har den oppfatninga at det er billigst å bruke eksisterande trasè, og dei har no starta grunnundersøkingar langs hovudvegen.

Eg vil med dette uttrykka vår bekymring. Eg ser det som svært negativt ikkje berre for vår gard, men og framtidig infrastruktur og framkommelegheit, dersom hovudvegen i framtida skal krongla seg mellom gardane mellom Fløksand og Vikebø.

Vi har eit inderleg ønske om at dagens veg fløksand til Vikebø kan fortsette som ein kulturell roleg bygdeveg der det berre er tillete for mjuke trafikantar og kjøring til frå eigedommene. Då kan her verte eit trivleg miljø og ein kan tenka seg kulturvegen vidare langs gamlevegen til Frekhaug/Fosse.

I vårt forslag ligg ein ny trasè utanfor all bebyggelse, i fast tereng og nær inntil det planlagte industriområde ved golfanlegget. Dette kan verte ein effektiv veg med fartsgrense over 60 km/t. Det kan då vere tilstrekkeleg med ny veg utan gang og sykkelveg, noko som utvilsomt vert rimelegare.

Vi må jobbe for å ta vare på bygdemiljøa.

--

MVH

Bjarte J Skintveit

STEINBERGET - TURBIL, SOMMERHUS, MUSIKK

e-post b-bass@online.no

mob.: 450 66 764